

Høyring om ny forskrift om
registrering og offentleggjering
av mellombalansar, og endringar
i Forskrift om gebyr
til Brønnøysundregistrene

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Registrering og offentleggjering av mellombalansar	3
	2.1 Bakgrunn	3
	2.2 Gjennomføring av registreringa	4
	2.2.1 Innleiing.....	4
	2.2.2 Gjeldande rett for årsrekneskap	4
	2.2.3 Innsending av mellombalansar	5
	2.3 Innsyn	6
	2.3.1 Årsrekneskap	6
	2.3.2 Mellombalansar	6
3	Gebyr	7
	3.1 Gebyr for innsending av mellombalansar.....	7
	3.2 Gebyr for innsyn i mellombalansar	7
4	Økonomiske og administrative konsekvensar	8
	4.1 Konsekvensar for dei næringsdrivande	8
	4.2 Konsekvensar for det offentlege.....	8
5	Ikraftsetjing	9
6	Forslag til forskrift.....	10
	6.1 Forslag til forskrift om registrering og offentleggjering av mellombalansar	10
	6.2 Forslag til forskrift om endring i forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene.....	11

1 Innleiing

Dette høyringsnotatet gjeld ny forskrift om plikta til å sende inn mellombalansar til Rekneskapsregisteret i visse høve. Forskrifta fastset reglar for korleis mellombalansane skal sendast inn til Rekneskapsregisteret, og korleis ålmenta får informasjon om desse. Forskrifta har heimel i aksjelova og allmennaksjelova §§ 8-2 b og 8-2 c.

Det er òg føreslått endring i forskrift 11. desember 2015 nr. 1668 om gebyr til Brønnøysundregistrene. Departementet føreslår å ta inn mellombalansar i føreseigna for innsyn i årsrekneskap (forskrifta § 10), slik at mellombalanse følgjer dei same reglane.

Punkt 2 gjev fyrst bakgrunnen for forskriftsforslaga. Deretter vert gjennomføringa av innsending av mellombalansar til Rekneskapsregisteret, og korleis ein kan få innsyn i mellombalansane, drøfta.

Punkt 3 drøftar om Brønnøysundregistra skal ha høve til å krevje gebyr for innsending og offentliggjerings av mellombalansane. Deretter drøftast kva for eit gebyrnivå ein skal leggje seg på.

I punkt 4 gjerast det greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane forskriftsendringane kjem til å ha for næringsdrivande og det offentlege.

Punkt 5 drøftar ikraftsetjinga av forskriftene.

Punkt 6 inneheld forslag til ny forskrift om registrering og offentliggjerings av mellombalansar og endringar i forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene.

2 Registrering og offentliggjerings av mellombalansar

2.1 Bakgrunn

Ved lov 14. desember 2018 nr. 95 vedtok Stortinget mellom anna endringar i aksjelovens og allmennaksjelovens føresegnar om mellombalansar. Lovendringane er omtalt nærare i Prop. 100 L (2017–2018) og Innst. 70 L (2018–2019).

Loven blei sanksjonert ved kongeleg resolusjon 14. desember 2018. I den kongelege resolusjonen står mellom anna:

«Endringene i aksjeloven og allmennaksjeloven § 8-2 a, § 8-7, § 8-10, § 9-3, § 10-20, § 12-2 og i allmennaksjeloven § 13-8 nr. 3 innebærer krav om at mellombalanser som benyttes som grunnlag for utdeling av ekstraordinært utbytte og lignende disposisjoner, skal sendes inn til og kunngjøres av Regnskapsregisteret. Endringene i aksjeloven og allmennaksjeloven § 10-22, 12-4 og 12-6 nr. 1 og i allmennaksjeloven § 13-14 og § 13-15 stiller krav til at Foretaksregisteret kan registrere og kunngjøre beslutninger som er basert på en mellombalanse, først når mellombalansen er registrert i og kunngjort av Regnskapsregisteret. Nye § 8-2 b og § 8-2 c i aksjeloven og allmennaksjeloven gir Nærings- og fiskeridepartementet hjemmel til å fastsette forskrifter med nærmere bestemmelser om innsending av mellombalanser til

Regnskapsregisteret, om gebyr for å registrere mellombalanser i Regnskapsregisteret, om hvordan innholdet i mellombalansene skal gjøres tilgjengelig, og om betaling av gebyr for innsyn. Det må gjøres tekniske tilpasninger i Regnskapsregisteret og Foretaksregisteret og utarbeides forskriftsbestemmelser som nevnt før endringene kan tre i kraft.»

Dei lovendringane som er omtalt, fører til ei ny rapporteringsplikt ved at mellombalansar skal sendast til Rekneskapsregisteret. Det er difor naudsynt å regulere nærare kva vilkår som skal gjelde for innsending av mellombalansar, og korleis dei skal gjerast tilgjengelege for ålmenta (offentleggjing).

2.2 Gjennomføring av registreringa

2.2.1 Innleiing

I Prop. 100 L (2017–2018) punkt 6.6 skriv departementet mellom anna:

«Departementet viser til at aksjeselskaper i dag skal sende inn årsregnskapet til Regnskapsregisteret elektronisk via Altinn-portalen, enten ved innsendelse direkte fra datasystem (fagsystem) med integrasjon mot Altinn eller ved registrering av skjema med vedlegg direkte i Altinn-portalen. Fagsystemer med integrasjon mot Altinn brukes i dag av blant annet regnskapsførere og revisorer til å sende inn regnskapsdokumenter til Regnskapsregisteret. Departementet legger opp til at tilsvarende skal gjelde for mellombalanser, og vil derfor gi Brønnøysundregistrene i oppdrag å etablere tekniske løsninger som legger til rette for dette dersom forslaget om innsending av mellombalanser til Regnskapsregisteret blir vedtatt.»

Departementet ynskjer at mellombalansar skal sendast til Rekneskapsregisteret på same vis og ved bruk av same kanal som årsrekneskap. Difor peikast det fyrst til gjeldande reglar for innsending av årsrekneskap. Deretter greiast det ut kva som blir føreslått for mellombalansar.

2.2.2 Gjeldande rett for årsrekneskap

Det følgjer av rekneskapslova § 8-2 første ledd første punktum at rekneskapspliktige skal sende årsrekneskapen, årsmeldinga, revisjonsmeldinga og eventuelt rapport om betalningar til myndigheiter mv. til Rekneskapsregisteret. Desse dokumenta skal utarbeidast og fastsetjast etter reglane i rekneskapslova kapittel 3.

Som hovudregel skal årsrekneskap sendast inn elektronisk ved bruk av Altinn, jf. forskrift 7. september 2006 nr. 1062 til utfylling og gjennomføring mv. av regnskapsloven (rekneskapsforskrifta) § 8-2-1 første ledd første punktum. For årsrekneskap skal alle dokumenta sendast inn samla, jf. forskrifta § 8-2-1 første ledd andre punktum. Her siktast det til resultatrekneskap, balanse, notar, eventuelt kontantstraumoppsetting, årsmelding og revisjonsmelding. Innsendinga skal òg innehalde fleire opplysningar i eit eige oversendingsbrev som følgjer innsendinga, jf. forskrifta § 8-2-1 andre ledd.

Årsrekneskapa blir kunngjort i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon.

2.2.3 Innsending av mellombalansar

Det følgjer av aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 a (etter endringa i lov 14. desember 2018 nr. 95; enno ikkje sett i verk) at ekstraordinært utbytte eller liknande berre kan delast ut viss føretaka har sendt inn mellombalansen som utdelinga baserar seg på, til Rekneskapsregisteret.

I aksjelovane § 8-2 a står det at mellombalansane skal utarbeidast og reviderast etter rekneskapslova sine reglar om årsrekneskap. Ved lov 14. desember 2018 nr. 95 er det gjort unntak frå revisjonskravet for aksjeselskap som har fråvald revisjon av årsrekneskapet etter aksjelova § 7-6. Dette unntaket er enno ikkje sett i verk. For å fastsetje kva krav til innhald og utarbeiding som skal gjerast gjeldande for mellombalansar, må ein sjå til reglane i rekneskapslova kapittel 3 om årsrekneskap.

Rekneskapslova har reglar om kva for dokument som skal sendast til Rekneskapsregisteret. Rekneskapslova § 8-2 fyrste ledd fyrste punktum gjev ei opprekning av dei dokumenta som skal sendast saman med årsrekneskapen. Aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 a fjerde ledd skil seg her frå rekneskapslova, då aksjelovane ikkje gjev liknande opprekning om kva dokument som eventuelt skal sendast til Rekneskapsregisteret saman med mellombalansen.

Det er ikkje spesifisert om revisjonsmelding eller andre dokument skal følgje med når mellombalansar meldast inn. Likevel kan det vere naudsynt å vurdere om det skal leggjast til rette for innsending av noteopplysningar og informasjon om revisjon av mellombalansane. Det kan anten skje ved at revisjonsmeldinga leggjast ved, eller at informasjonen kjem fram på annan måte i skjemainnsendinga. Noteopplysningar gjer mellom anna informasjon om korleis ein er komen fram til beløpa i mellombalansen og kva vurderingar som er nytta for å fastsetje verdiane. Revisjonsmeldinga vil vise at mellombalansen er revidert, og eventuelt merknadar som revisor har.

Eit alternativ er difor at noteopplysningar og informasjon frå revisor blir sende inn saman med mellombalansen, noko som gir betre moglegheit for kontroll. Eit anna alternativ er at noteopplysningar og revisjonsmelding er ein del av dokumentpakka som selskapet sjølv er ansvarleg for, men at det berre er sjølve mellombalansen som blir rapportert til Rekneskapsregisteret.

Departementet ber om eventuelle synspunkt frå høyringsinstansane på om ein skal opne for innsending av noteopplysningar og revisjonsopplysningar.

Departementet meiner vidare at mellombalansar skal sendast til Rekneskapsregisteret ved bruk av Altinn-portalen, tilsvarende som for årsrekneskap.

Intensjonen er fyrst og fremst at det skal bli laga ei løysing som er lik den som finst for årsrekneskap. Men det er behov for å ha ei enklare løysing i ein overgangsperiode. Brønnøysundregistra held på å lage ny registerplattform. På bakgrunn av dette arbeidet ynskjer departementet at det i fyrste omgang blir etablert ei løysing som ikkje krev store kostnader til utvikling på noverande registerløysing. Departementet legg opp til at det i fyrste fase blir utvikla ei løysing der føretaka sender inn grunnlagsdokumenta (mellombalansen) som filvedlegg i den forma den er godkjent av generalforsamlinga.

Departementet foreslår at forskrifta fastset kva opplysningar ein skal gje til Rekneskapsregisteret når mellombalansar sendast inn. Det er òg foreslått at Rekneskapsregisteret får heimel til å fastsetje nærare krav til innsendinga på tilsvarande måte som for årsrekneskap. Sjå forslag til forskrift § 2.

Det følgjer av både aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 a femte ledd at innsend mellombalanse skal kunngjerast av Rekneskapsregisteret. Departementet foreslår at forskrifta fastset at kunngjeringa skal gjerast i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Sjå forslag til forskrift § 3.

2.3 Innsyn

2.3.1 Årsrekneskap

I rekneskapslova § 8-1 første ledd står følgjande:

«Årsregnskapet, årsberetningen og revisjonsberetningen er offentlige. Enhver har rett til å gjøre seg kjent med innholdet av dokumentene hos den regnskapspliktige eller hos Regnskapsregisteret.»

I rekneskapsforskrifta er det fastsett at Rekneskapsregisteret kan gje opplysningar om årsrekneskap i form av papirkopiar eller ved elektronisk overføring, jf. § 8-1-1 fyrste ledd. Det er ikkje fastsett nærare kva løysing Rekneskapsregisteret skal nytte som primærløysing.

2.3.2 Mellombalansar

Heimel for innsyn i mellombalansar går fram av både aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 c fyrste ledd. Det heiter at «[e]nhver har rett til å gjøre seg kjent med innholdet av mellombalansen hos Regnskapsregisteret». Med innsyn meinast at Rekneskapsregisteret utleverer informasjonen som er sendt frå føretaka i høve mellombalansen, til dei som ber om det.

Desse føresegna gjer ikkje rett til å få informasjonen av føretaket sjølv, i motsetning til heimelen for årsrekneskap i rekneskapslova § 8-1 fyrste ledd andre punktum («den regnskapspliktige»). Altså må ein gå til Rekneskapsregisteret for å få innsyn i mellombalansar. Ut frå dette er det berre høve til å regulere korleis Rekneskapsregisteret skal gi innsyn i mellombalansane.

Som nemnt gjev ikkje rekneskapsforskrifta nærare krav til kva for ei løysing Rekneskapsregisteret skal nytte ved innsyn i opplysningar. Det synast heller ikkje naudsynt å stille krav om kva for løysing som nyttast ved innsyn i mellombalansar.

Departementet foreslår at føresegna om innsyn i forskrifta om mellombalansar får tilsvararande ordlyd som rekneskapsforskrifta når det gjeld årsrekneskap. Det vil seie at Rekneskapsregisteret kan gje informasjon om mellombalansane både ved papirkopiar og ved elektronisk overføring. Sjå forslag til forskrift § 4 første ledd.

3 Gebyr

3.1 Gebyr for innsending av mellombalansar

Departementet kan i forskrift fastsetje at det skal betalast gebyr for å registrere mellombalansar i Rekneskapsregisteret, jf. aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 b andre ledd. Det er òg høve til å fastsetje storleik på gebyret og innkrevjingsløysingar i forskrifta.

Vurderinga av om det skal betalast gebyr for innsending av mellombalansar, må sjåast opp mot reglane for årsrekneskap. Ein mellombalanse er ei oppdatering av opplysningane som frå før er sende til Rekneskapsregisteret i balansen til årsrekneskapen. Det talar for at gebyr for innsending av mellombalansar burde følgje det eventuelle gebyrnivået som leggjast til grunn for innsending av årsrekneskap.

Innsending av årsrekneskap er ei plikt for føretaka. Den er ikkje gebyrbelagt. Det har òg samanheng med at føretaka risikerer forseinkingsgebyr eller straffansvar etter rekneskapslova §§ 8-3 og 8-5 om årsrekneskapet ikkje sendast inn. Føretaka har ikkje noko tilsvarende plikt til å sende inn mellombalansar, med mindre dei vil gje ekstraordinært utbytte eller liknande. Sjølv om reglane om mellombalansar gjer at føretaka får eit ekstra rekneskapsrettsleg pålegg, er det likevel i føretakets interesse å sende inn mellombalansar.

Mellombalansane er grunnlag for dei ekstraordinære utbytta som selskapet ynskjer å gje. I motsetning skal føretaka sende inn årsrekneskapet. Høve til å dele ut ekstraordinært utbytte og liknande overføringar er altså ein rett føretaka har, ikkje ei plikt. Det talar for at føretaka sjølve ber kostnadane som følgjer av innsendinga. I tillegg påleggjast Rekneskapsregisteret ei auka belastning på grunn av innsendinga.

Departementet ynskjer etter dette gebyr for innsending av mellombalansar. Vurderinga av om gebyr skal innførast må likevel sjåast i ein større samanheng. Departementet held på med ei vurdering av heile gebyrstrukturen for Brønnøysundregistra. Spørsmålet om gebyr for innsending av mellombalansar vil vurderast i samband med dette.

3.2 Gebyr for innsyn i mellombalansar

Aksjelova og allmennaksjelova § 8-2 c andre ledd gir heimel til å fastsetje forskrift om gebyr for innsyn i mellombalansar. Departementet meiner det er mest formålstenleg at desse reglane leggjast til forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene § 10. På denne måten følgjer det av same forskrift kva som skal gebyrleggjast ved innsyn i årsrekneskap og mellombalansar frå Brønnøysundregistra.

Dei nærare reglane om korleis innsyn i mellombalansar skal skje, bør følgje dei same reglane som innsyn i årsrekneskap. Det følgjer av forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene § 6 andre ledd første punktum at informasjon som både er tinga og levert via registerførarens «nettbaserte bestillingsløsning eller via Altinn», er gebyrfri. Dei aller fleste bestillingar som gjerast i dag skjer elektronisk. Det er difor grunn til å tru at det same vil vere gjelde innsyn i mellombalansar.

Ein må likevel leggje til rette for bestilling og levering av mellombalansar på annan måte; til dømes å få tilsendt papirkopiar. Spørsmålet blir då om det er høve til å krevje gebyr for innsyn i mellombalansar, og eventuelt kva gebyrnivå ein skal leggje seg på.

Forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene § 6 andre ledd andre punktum gjev høve til å krevje gebyr om nokon ynskjer å få utlevert fysisk kopi av eit dokument som er registrert i Rekneskapsregisteret. Det inneber at det er høve til å krevje gebyr for å få utlevert eit føretak sin mellombalanse. For årsrekneskap er det i § 10 fastsett eit gebyr for informasjon frå Rekneskapsregisteret om årsrekneskap med vedlegg på 241 kroner. Ein mellombalanse vil openbert innehalde færre dokument enn ein årsrekneskap. Det talar for eit lågare gebyr for mellombalansane. Den jobben som registerfører må gjere for å skrive ut dokumenta og sende dei i posten vil likevel vere tilnærma lik for dei to tilfella. Det må vere avgjerande ved vurderinga av gebyrnivået.

Departementet føreslår difor å ta inn mellombalansar i forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene § 10, slik at det blir rekna same gebyr som for årsrekneskap.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

4.1 Konsekvensar for dei næringsdrivande

I Prop. 100 L (2017–2018) punkt 6.6 kom departementet mellom anna med følgjande fråsegn:

«En plikt til å sende inn mellombalanser som benyttes som grunnlag for utdeling av ekstraordinært utbytte og lignende disposisjoner til Regnskapsregisteret vil innebære en ny rapporteringsplikt for selskapene. Departementet vurderer imidlertid at det ikke vil innebære en vesentlig byrde for selskapene.»

Ein kan ikkje rekne med at den løysinga som blir laga for innsending av mellombalansar vil valde næringsdrivande noko stor byrde. Det kan leggjast til grunn at dei fleste er vande med å nytte Altinn for innsending av årsrekneskap, og at denne røynsla kan nyttast ved innsending av mellombalansar.

Når det gjeld tidsbruken for innsending av mellombalansar, er det estimert at det vil ta gjennomsnittleg 25 minuttar per innsending. Ein må logge seg inn i Altinn, finne skjemaframsida som skal nyttast, fylle ut dei opplysningane som er naudsynte, laste opp mellombalansen og sende inn.

4.2 Konsekvensar for det offentlege

Brønnøysundregistra må utvide datasystemet som Rekneskapsregisteret nyttar for årsrekneskap, slik at det blir mogeleg å registrere innsende mellombalansar. Det er òg naudsynt med tilpassingar for Føretaksregisteret. I tillegg må det gjerast endringar slik at kunngjering og offentleggjering av innsende mellombalansar blir mogeleg.

Brønnøysundregistra vurderer at løysinga om å sende mellombalansen inn som eit filvedlegg, ikkje krev store ressursar, jf. punkt 2.2.3. Dei tilpassingane i datasystemet til Rekneskapsregisteret som er naudsynte, er heller ikkje ressurskrevjande. Tilpassingane er

knytte til innsending, handsaming, kunngjering og offentleggjering av mellombalansar. Brønnøysundregistra har rekna ut at desse oppgåvene til saman vil vere estimert til om lag 1 200 000 kroner. Utrekninga baserar seg på at det vil bli brukt om lag 1400 timeverk på å gjere tilpassingar i eksisterande registerløysing. Driftskostnadane knytt til sakshandsaming og teknisk drift er vidare estimert til om lag 700 000 kroner per år. Talet frå Brønnøysundregistra er basert på at Rekneskapsregisteret tek imot om lag 7 000 mellombalansar i året. Driftskostnadane vil difor kunne variere årleg ettersom kor mange mellombalansar som skal registrerast.

Departementet ynskjer at kostnadane dekkjast av gebyr. Gebyrnivået skal som nemnt i punkt 3.1 vurderast nærare ved omlegginga av dei generelle gebyrstrukturane i Brønnøysundregistra. Innlemming av mellombalansar i ny registerplattform vil òg føre til at gebyrnivået må vurderast på nytt fordi slik innlemming vil kunne gje ytterlegare kostnadar. Kostnadane til å utvikle den tekniske løysinga vil bli dekt innafor den ordinære budsjettamma.

5 Ikraftsetjing

Forskrifta setjast i verk når både endringane i aksjelova og allmennaksjelova som gjeld mellombalansar (lov 14. desember 2018 nr. 95) er sett i verk, og når Brønnøysundregistra har utvikla dei naudsynte registeringsløysingane.

6 Forslag til forskrift

6.1 Forslag til forskrift om registrering og offentliggjøring av mellombalansar

Forskrift om registrering og offentliggjøring av mellombalansar

Fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet (...) 2019 med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper §§ 8-2 b og 8-2 c og lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper §§ 8-2 b og 8-2 c.

§ 1 Kva forskrifta gjeld

Forskrifta gjeld for aksjeselskap som skal utføre transaksjonar etter aksjelova §§ 8-2 a, 8-7, 8-10, 9-3, 10-20 og 12-2, og allmennaksjeselskap som skal utføre transaksjonar etter allmennaksjelova §§ 8-2 a, 8-7, 8-10, 9-3, 10-20, 12-2 og 13-8, med grunnlag i ein mellombalanse som skal sendast til Rekneskapsregisteret.

§ 2 Innsending av mellombalanse til Rekneskapsregisteret – krav til dokumenta og innsendinga

Mellombalanse til Rekneskapsregisteret skal sendast inn elektronisk via Altinn. Dato for fastsetting av mellombalansen og balansedatoen skal gå fram.

Registerføraren kan fastsette nærare krav til innsendinga til Rekneskapsregisteret, mellom anna krav til signering.

§ 3 Kunngjering

Rekneskapsregisteret skal kunngjere mottekne mellombalansar i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon.

§ 4 Offentleggjing – innsyn i mellombalansar

Rekneskapsregisteret kan gje opplysningar om mellombalansar i form av papirkopiar eller ved elektronisk overføring.

§ 5 Ikraftsetjing

Forskrifta blir sett i kraft [**].

6.2 Forslag til forskrift om endring i forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene

Forskrift om endring i forskrift om gebyr til Brønnøysundregistrene

Heimel: Fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet (...) 2019 med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper § 8-2 c annet ledd og lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper § 8-2 c annet ledd.

I

I forskrift 11. desember 2015 nr. 1668 om gebyr til Brønnøysundregistrene gjerast desse endringane:

Hjemmelsgrunnlaget for forskriften skal lyde:

Hjemmel: Fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet 11. desember 2015 med hjemmel i lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak § 4-1 tredje ledd og § 8-1, lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing § 34 fjerde og femte ledd, lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret § 22, lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v. (regnskapsloven) § 8-1, lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) § 144, lov 6. juni 1997 nr. 35 om Oppgaverregisteret § 2, lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig virksomhet § 16, *lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper § 8-2 c annet ledd og lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper § 8-2 c annet ledd.*

§ 10 første ledd skal lyde:

Det skal betales et gebyr for informasjon fra Regnskapsregisteret med 241 kroner for kopi av årsregnskap med vedlegg *eller kopi av mellombalanse.*

II

Endringane blir sett i kraft [**].